

Til offentlege myndigheter,  
naboar og aktuelle parter


Ålesund, 10.02.2023  
Vår ref. 637269-04

## Varsel om oppstart av planarbeid, Detaljregulering for Sunde avløpsanlegg

Formålet med reguleringsplanen er å etablere ny pumpestasjon med snuplass og landtak for sjøleidningar. Varsel om oppstart av planarbeid kunngjerast etter plan- og bygningslovens § 12-8. Planen utarbeidast som detaljreguleringsplan.  
Asplan Viak v/Anna Hellstrøm er plankonsulent for planforslaget som utarbeidast for forslagsstillar Sula kommune.

### Planområdet

Foreslått plassering av ny pumpestasjon er på austsida av Sundevegen (E39), ferjekaia og snuplass for buss. Planområdet er ca. 4,5 daa og omfattar bl.a gnr/bnr. 63/29, 63/108, 69/3 i Sula kommune.



Figur 1 Forslag til planavgrensning

Sjå også vedlagd referat frå oppstartsmøtet.

## **Forhold til overordna plan**

Området innan avgrensinga er i kommuneplanens arealdel avsett til formåla forretning, bustader, offentleg tenesteyting, veg og grønstruktur.

## **Gjeldande reguleringsplan og formålet med endring av reguleringsplan**

I reguleringsplan for Sunde- Leirvåg er arealet ned mot sjøen sør for Olamyrvegen avsett til reinseanlegg. Ekspropriasjonsretten har gått ut, og kommunen eiger ikkje grunnen. Arealbruken frå planar vedtatt før 2015, med mellom anna friområde i strandsona, er stadfesta i ny arealdel.

Ny pumpestasjon er tiltenkt plassert mellom Runnane vest og Sundevegen. Vann- og avløpsanlegg, køyreveg og friområde er aktuelle arealformål.


## **Behov for konsekvensutgreiing**

Planarbeidet er vurdert å ikkje komme inn under krav om konsekvensutredning, jfr. plan- og bygningslovens § 4-2, sjå vedlagd referat frå oppstartsmøte.

## **Hensikten med varselet og medverking**

Hensikten med å varsle at eit planarbeid settast i gang er å avdekke om planen kan kome i konflikt med viktige omsyn i området. I tillegg skal naboor og aktuelle parter gis moglegheit for å kome med innspel til planprosessen på et tidleg tidspunkt. Forslagsstillaar vil da lettare kunne ta omsyn til innspela, enten det gjelder kva som skal utgjeraist, viktige interesser som må takast vare på eller avbøtande tiltak som bør vurderast.

Etter at plandokumenta er utarbeidd og politisk behandla i kommunen vil planforslaget sendast ut på høyring. Etter høyringsperioden vil planforslaget reviderast før det kan bli vedteke av kommunestyret.



Figur 2. Illustrasjonen viser ein vanleg planprosess for reguleringsplan. Dette varslet skjer ved markeringa for å «Kunngjere og varsle oppstart».

## Meir informasjon og kontaktinfo

Innspel til planarbeidet sendes innan 10.04.2023 til Asplan Viak AS v/ Anna Hellstrøm, på epost [anna.hellstrom@asplanviak.no](mailto:anna.hellstrom@asplanviak.no) eller i brev til Asplan Viak AS, Lerstadvegen 545, 6018 Ålesund.

Meir informasjon finnast på heimesida til Sula kommune [www.sula.kommune.no](http://www.sula.kommune.no) og Asplan Viak sine nettsider, sjå [www.asplanviak.no/kunngjoringer](http://www.asplanviak.no/kunngjoringer). Ver vennleg og kontakte Anna Hellstrøm, Asplan Viak AS, på tlf 476 72 792 for ytterlegare opplysningar.

Med vennleg helsing

Asplan Viak AS

Anna Hellstrøm

Arkitekt MNAL og arealplanleggjar

Telefon 476 72 792

E-post [anna.hellstrom@asplanviak.no](mailto:anna.hellstrom@asplanviak.no)